

Gåvedryss til aktivitetsfloraen i Kvinnherad.

20.04.2016



Det var ein sal full av fornøgde gjester. I dette utsnittet ser vi m.a. representantar for turngruppa i UIL og skulemusikken.

I kveld vart det sett pris på det mangfaldige aktivitetstilbodet i kommunen då det var utdeling av gåver frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad i Kulturhuset Husnes. Mange vil få stor glede av dei mange gåvene, og det var heile 47 mottakarar som viste stor glede og takksemد med korte talar frå talarstolen.

Første gåveutdeling frå stiftinga var hausten 2011, og dette var utdeling nr.10. Det vart i denne omgang delt ut 64 gåver. Tidlegare var det delt ut 5 i Odda og 12 på Stord medan det denne kvelden var Kvinnherad sin tur med heile 47 gåveoverrekkingar. Mange av desse tildelingane gjekk til lag her i bygda, eller til mottakarar som uskedelingar vil ha glede av.

I kveld vart det delt ut ca. 4 mill. kroner, medan det var 495.000 kr på Stord og 485.000 kr i Odda. Totalt er det delt ut til saman 29,5 mill. fordelt på 410 gåver på dei 10 utdelingane som Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad har hatt gjennom dei 5 åra. Innleiingsvis sa styreformann Svein A. Eidsvik at det denne gongen kom inn 110 søknader med total søknadssum på 13,4 millionar kroner.

Etter velkomstørnskje frå dagleg leiar Åsmund Kåre Rørvik og styreleiar Svein Arne Eidsvik, var det ein kort opningstale ved kultursjef Kristian Bringedal. Han tok utgangspunkt i kulturbegrepet, takka stiftinga for det gode bidraget og han nyttja også høve til å takka alle mottakarane for den flotte jobben dei gjorde i kulturlivet i Kvinnherad. Deretter tok Svein Arne Eidsvik, Frøydis Sjo Fjellhaugen, Jorunn Nordtveit, Synnøve Solbakken, Gunnar Våge og Åsmund Kåre Rørvik seg av gåveoverrekkinga. Kvar mottakar fekk begrensa taletid til 2 minutt, og dermed gjekk det raskt og flott unna. Innimellom kunne ein forsyna seg av eit rikhaldig kakebord og brus og kaffi.

Lag og organisasjonar med tilknytning til Uskedalen som fekk gåver:

- Skigruppa i UIL fekk 25.000 kr til aktivitetar for barn og unge på langrennsski.

- Turngruppa i UIL fekk 70.000 kr til fornying av utstyr til turnaktivitetar der dei særleg la vekt på at born skulle få ein god start.
- Festidalen fekk 50.000 kr som var øyremerka til Lambasleppet.
- Kvinnherad idrettsråd fekk 40.000 kr til medaljar i Kvinnheradsmeisterskap.
- Omsorgssonene i Kvinnherad fekk 200.000 kr til ekstra tiltak til brukarane.
- Kvinnherad Røde Kors fekk 25.000 kr til aktivitetar på Møteplass for integrering.
- Kvinnherad Handballklubb fekk 30.000 kr til klubbdraakter til HU-laget.
- Uskedal skulemusikk fekk 75.000 kr til fornying av instrumentparken.
- Klatregruppa i UIL fekk 50.000 kr til aktiv klatring og utviding av aktiviteten i klatregruppa.
- Kvinnherad lokallag av NFU fekk 20.000 kr til aktivitetsdag for personar med nedsett funksjon i Husnes aktivitetspark.
- Uskedal idrettslag fekk 150.000 kr til Gull av grus-prosjektet.

I tillegg var det også lag i andre bygder med aktive medlemmer frå Uskedalen som fekk gaver.

I avslutningstalen sin takka Svein Arne Eidsvik alle som hadde søkt. Han sa også at dei hadde merka seg at nokre var beskjedne i høve til det å søkja. Derfor hadde også styret funne fram til nokre som dei meinte fortente gaver utan at dei hadde søkt. Han nemnde i den samanheng m.a. HU-aktivitetar.

Det var ein viktig dag for dei mange gode aktivitetane i Kvinnherad. Det var mange som understreka at desse gåvetildelingane inspirerte og gav ny gnist.



Vigdis Gammelsæther takkar for gava til Møteplassen for integrering som ho motok saman med Oddrun Steinsland, Asad, Abdiaziz, Brhane og Ahmad.



Harald Sunde takkar for nye 150.000 til Gull av grus



Trude Skogtun og Jostein Saghaug tok mot gáve til aktivitetsdag.



Linn Stene Hellås takkar for gāva til Lambasleppet på Festidalen som ho tok mot saman med Heidi Sande Gertz




Solveig Haugland viste seg som like flink talar som skiløpar då ho tok mot gāve til skigruppa saman med søstera Veslemøy.



Anja Strüter, Tobias H. Berge-Soldal og Bente Hovden Rød var svært fornøgd med gáve til nye instrument no når dei får mange nye aspirantar.



Leiar i idrettsrådet, Anbjørn Høivik, takka for gáva til medaljar som han tok mot saman med Anna Prestnes





Ann Kristin Olsen var svært takksam for gåva ho, Monica Tofte og Janne Helen Koløy tok mot til turngruppa
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.